

Kraftsituasjonen veke 8, 2010

Rekordhøge prisar

Den gjennomsnittlege kraftprisen i veke 8 var rekordhøg for alle dei nordiske marknadsområda med unntak av Sørvest-Noreg og Jylland. Vekeprisen var høgast i Midt-Noreg. Der var prisen 140,4 øre/kWh. Det er 7 øre høgare enn i Nord-Noreg og 48 øre høgare enn i Sørøst-Noreg. I Sørvest-Noreg var vekeprisen betydeleg lågare med 51,4 øre/kWh.

Prisauken må sjåast i samanheng med høgt forbruk og låg vasskraftproduksjon som følgje av lite tilsig og låg magasinnylling. I tillegg er det framleis redusert produksjonskapasitet ved svenske kjernekraftverk. Kaldt vêr bidrog til at prisane var spesielt høge i starten av veka. Måndagen var døgnprisen i Midt- og Nord-Noreg 408,9 øre/kWh. Det er nær dobbelt så høg pris som fredag 8. januar som inntil sist veke var den høgaste registrerte døgnprisen ved Nord Pool.

Magasinfylling

Ved utgangen av veke 8 var fyllingsgraden i norske magasin 37,8 prosent. Gjennom veka minka fyllingsgraden med 3,1 prosenteningar mot 3,3 prosenteningar veka før. Framleis lågt tilsig var årsaka til den forholdsvis store nedgangen i fyllingsgraden. Magasinfyllinga er 15,0 prosenteningar under medianverdien for veka og 7,6 prosenteningar under fjoråret sitt nivå.

- Lågast magasinfylling i Midt-Noreg

I Sørøst-Noreg (elspotområde NO1) var fyllingsgraden 27,0 prosent, ein nedgang på 3,4 prosenteningar frå veka før. I Sørvest-Noreg (NO2) minka fyllingsgraden med 3,4 prosenteningar til 41,2 prosent. Midt-Noreg (NO3) hadde ei fylling på 25,8 prosent. Det er ein nedgang på 2,8 prosenteningar frå veka før, og fyllinga er 2,6 prosenteningar under lågaste verdi til same tid for perioden 2002-2009. I Nord-Noreg (NO4) minka fyllingsgraden med 2,4 prosenteningar til 46,4 prosent.

Svenske magasin hadde ein fyllingsgrad på 24,4 prosent, ein nedgang på 3,7 prosenteningar frå veka før. Magasinfyllinga er 18,7 prosenteningar under medianverdien for veka og 4,8 prosenteningar under fjoråret sitt nivå.

Vêr og hydrologi

Det nyttbare tilsiget for veke 8 var 0,3 TWh eller 55 prosent av normalt. Til no i 2010 har tilsiget vore 3,3 TWh eller 2,6 TWh mindre enn normalt. Basert på dagens meteorologiske prognosar er det i veke 9 venta eit energitilsig på ca 0,2 TWh, som er 35 prosent av normalt.

- Fråmleis mindre tilsig enn normalt

I veke 8 kom det mellom 5 og 15 mm nedbør på Austlandet og opp mot 30 mm på Sørlandet. På Vestlandet kom det enkelte stader 30-50 mm og lengst aust i Finnmark rundt 30 mm. Elles i landet kom det lite nedbør. Rekna om til nedbørenergi kom det 1,4 TWh, eller vel 60 prosent av normalt. Til no i år har nedbørenergien vore 8,5 TWh eller 13 TWh mindre enn normalt. I veke 9 er det venta mellom 10 og 20 mm nord på Vestlandet og i Midt-Noreg, mens nord i Nordland og delar av Troms vil få 20-50 mm. Elles i landet er det venta lite nedbør. Totalt er det venta 0,8 TWh, eller nesten 40 prosent av normalt.

I veke 8 var det framleis kaldt vêr i heile Noreg med temperaturar 4-7 grader under normalt i Sør-Noreg og ca 9 grader under normalt i Nord-Noreg. For veke 9 er det venta framleis forholdsvis kaldt vêr i Sør-Noreg med temperaturar ca 4 grader under normalt, mens det i Nord-Noreg er venta litt mildare vêr med temperaturar 1-3 grader under normalt.

-40 prosent mindre snø enn normalt

Totalt for Noreg er det no ca 40 prosent mindre snø enn normalt. Det er mindre snø enn normalt i store delar av Midt- og Nord-Noreg og i vestlige fjellområde i Sør-Noreg. På delar av Austlandet, i ytre strøk av Sørlandet og langs kysten av Vestlandet er det meir snø enn normalt.

Produksjon og forbruk

Både kraftproduksjonen og –forbruket fall frå veke 7 til 8 både i Noreg og i Norden. Det var ein betydeleg større nedgang i produksjonen enn i forbruket.

-Større nedgang i produksjonen enn i forbruket

Det kalde vêret vi observerte mot slutten av veke 7 heldt fram dei tre fyrste dagane av veke 8. Deretter vart vêret betrakteleg mildare. Det samla norske forbruket gjekk ned med 20 GWh frå veke 7 til 8. I tillegg til kaldare vêr kan vinterferie i store delar av landet ha medverka til nedgangen. Nedgangen var

i Sør-Noreg, medan det var ein liten oppgang i Midt- og Nord-Noreg. I Norden var forbruksnedgangen størst i Sverige og Finland, medan det var mindre endringar i Danmark. Det samla nordiske forbruket var 9450 GWh. Det er 334 GWh meir enn i tilsvarande veke i fjor.

Lite tilsig og låg fyllingsgrad har medverka til å halde den nordiske vasskraftproduksjonen låg. I Noreg gjekk produksjonen ned med 222 GWh. Det var størst produksjonsnedgang i Sør-Noreg og minst nedgang i Midt-Noreg.

***-Framleis låg
kjernekraft-
produksjon***

I Sverige gjekk produksjonen ned med 233 GWh. Det er framleis låg kjernekraftproduksjon i Sverige. Kjernekraftproduksjonen auka noko samanlikna med veka før som følgje av meir produksjon ved Forsmark 2. Dette verket har framleis redusert produksjonskapasitet. Ved utgangen av veka kom Ringhals 2 tilbake i drift og den totale svenske kjernekraftproduksjonen utgjorde 64 prosent av total installert kapasitet mot 60 prosent ein veke tidlegare.

I Finland var ikkje produksjonsnedgangen like stor som i Sverige og Noreg. Der gjekk produksjonen ned med 33 GWh. I Danmark har lågare vindkraftproduksjon på Jylland medverka til lågare dansk produksjon samanlikna med veka før.

Utveksling

Ein stor nedgang i produksjonen relativt til forbruket førte til at den nordiske nettoimporten auka med 224 GWh til 716 GWh frå veke 7 til 8. Det har ikkje vore registrert høgare nordisk nettoimport i ein veke tidlegare.

***-Rekordhøg
nordisk
nettoimport***

Det var einssidig nordisk import frå Tyskland i alle timane sist veke. Den danske importen frå Tyskland utgjorde 213 GWh. Det var 125 GWh dansk nettoimport frå Tyskland i veka før. Den svenske importen frå Tyskland gjekk ned med 8 GWh til 88 GWh sist veke. Det var mindre endringar i nordisk kraftutveksling med Estland og Polen. Frå Russland til Finland var det igjen full tilgjengeleg overføringskapasitet sist veke etter at den var redusert med 16 prosent i veka før. Det førte til at den finske importen frå Russland auka med 27 GWh.

Importauken frå Tyskland til Danmark vart i stor grad eksportert vidare til Noreg og Sverige. Auka finsk importkapasitet frå Russland gjorde det mogleg å eksportere meir kraft frå Finland til Sverige. Totalt var det 120 GWh svensk nettoimport frå Finland – mot 10 GWh veka før. Redusert svensk forbruk saman med auka svensk import frå Danmark og Finland, gjorde det mogleg å auke den svenske eksporten til Sør-Noreg. Mellom Sør-Noreg og Sverige snudde utvekslinga frå 74 GWh norsk nettoeksport til Sverige i veke 7 til 64 GWh svensk nettoeksport til Sør-Noreg i veke 8. Den svenske nettoeksporten til Midt-Noreg auka med 6 GWh. Det tilsvarar omtrent auken i den svenske importen frå Nord-Noreg.

Prisar

Det var store prisforskjellar og stor prisoppgang i fleire område i Norden sist veke. Dei høgaste prisane vart registrert måndag sist veke. Då hadde Sjøland, Sverige, Finland, Midt- og Nord-Noreg ein døgnpris på 4089 kr/MWh. Det er den høgaste døgnprisen som er notert på Nord Pool

- Rekordhøgt

**forbruk måndag
i vek e 8**

nokosinne. Dei høgaste prisane var mellom kl 0800 og 1100 denne dagen. Då var prisen 11321 kr/MWh. I desse timane vart dei svenske og finske systemoperatørane kraftreservar satt i drift for å unngå avbrot. Høgt forbruk som følgje av kaldt vêr, låge tilsig og framleis lite tilgjengeleg svensk kjernekraftkapasitet medverka til dei høge prisane.

**- Større
prisforskjellar i
Norden**

Begrensa overføringskapasitet medverka til at vi ikkje så like høge prisar på Jylland og i Sørvest og Søraust-Noreg. Jylland hadde lågast pris av dei nordiske områda med 315 kr/MWh i snitt for veke 8. Prisen i dette området følgjer i større grad utviklinga på kontinentet. Som på den tyske kraftbørsen EEX var det ein prisnedgang på Jylland samanlikna med veka før. Den tyske prisen var 271 kr/MWh i veke 8 og ligg framleis lågare enn prisen på Jylland. I Sørvest-Noreg var vekeprisen 515 kr/MWh sist veke.

Vannkraftressursane er vesentleg betre i dette området enn resten av Noreg og prisen var vesentleg lågare enn i Søraust-Noreg om vekedagane sist veke.

I Søraust-Noreg var vekeprisen 921 kr/MWh. Søraust-Noreg hadde lik pris med Sverige i 81 prosent timane sist veke. Prisen i Søraust-Noreg nådde ikkje det same nivået som områda i nordaust om måndagen sist veke.

Området hadde og lågare pris i enkelte høglasttimar tysdag og onsdag. Midt-Noreg hadde den høgaste vekeprisen sist veke med 1404 kr/MWh. Det er 66 kr meir enn i Nord-Noreg, Sverige og Sjælland. Det var først og fremst mot slutten av veka når det nordiske forbruket var lågare at Midt-Noreg hadde høgare pris.

Varsel om framleis tørt vêr og temperaturar under normalt medverka til at prisen på andrekvartalskontrakten på Nord Pool gjekk opp med 13 kr frå fredag veke 7 til 447 kr/MWh fredag veke 8. Tredjekvartalskontrakten hadde derimot ein nedgang på 8 kr til 374 kr. På tyske kraftbørsen EEX fall begge dei to næraste kvartalskontraktane med 2 kr den same perioden. Desse ligg under prisen i Norden. Prisen CO₂ utsleppsrettar gjekk opp med 4 kr frå veke 7 til 8.

**Sluttbrukar-
prisar**

Både prisen på standard variabel kraftleveringskontrakt frå dominerande leverandørar og dei landsdekkjande leverandørane tilbode for veke 10 auka frå veka før. Sterkast auke var det i prisen hjå dei landsdekkjande. Prisen hjå dei dominerande leverandørane ligg framleis over dei landsdekkjande.

Prisen på marknadspriskontrakt auka i heile landet frå veke 7 til veke 8. Prisen auka minst i Sørvest-Noreg (NO2), medan den auka mest i Midt-Noreg (NO3). Prisen auka betydeleg både i Søraust-Noreg (NO1) og Nord-Noreg (NO4).

Den norske eittårige og treårige fastpriskontrakten auka frå veke 7 til 8. Det sama gjorde den svenske eittårige fastpriskontrakten.

Innhald


1. Magasinfylling	6
2. Tilsig og nedbørtilhøve	9
3. Produksjon, forbruk og utveksling	12
4. Kraftprisar	17
5. Tilstanden til kraftsystemet.....	23

1. Magasinfylling


Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool Spot

	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 8 2010	Veke 7 2010	Veke 8 2009	Median veke 8	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2009	Differanse frå median
Norge	37.8	40.9	45.4	52.8	-3.1	-7.6	-15.0
NO1	27.0	30.4	36.1		-3.4	-9.1	
NO2	41.2	44.6	49.0		-3.4	-7.8	
NO3	25.8	28.6	34.2		-2.8	-8.4	
NO4	46.4	48.8	52.1		-2.4	-5.7	
Sverige	24.0	27.7	28.8	42.7	-3.7	-4.8	-18.7


Figur 1 Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kapasitet=84,3 TWh. Kjelde: NVE





Figur 2 Vassmagasinas fyllingsgrad i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Vassmagasina sin fyllingsgrad for elspotområda NO1, NO2, NO3 og NO4. Prosent. Kjelde: NVE





2. Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Kjelde: NVE


TWh	Veke 8	veke 8 Normal	Veke 1 -8 2010	Veke 1-8 Normal	Prosent av normal veke	Differanse frå normal til no i år
Tilsig	0.3	0.6	3.3	5.9	55	-2.6
Nedbør	1.4	2.3	8.5	21.6	62	-13.1

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Kjelde: NVE


	TWh	Prosent av normal
Tilsig	0.2	35
Nedbør	0.8	39

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nyttbart tilsig i Noreg i 2009 og 2010, maks, min og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot og NVE




Figur 5 Nedbør i Noreg i 2009 og 2010, og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: NVE




Figur 6 Temperaturar i Noreg i 2009 og 2010, og normalår (ref: 1961-90). Kjelde: Meteorologisk institutt



Figur 7 Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane 2007/08, 2008/09 og 2009/10 i prosent av median kulminasjon. Median, maksimum og minimum for perioden 1971-2008. Kjelde: NVE



Figur 8 Snømagasin i prosent av normalt for vintrane 2005/06, 2006/07, 2007/08, 2008/09 og 2009/10. Kjelde: NVE



For fleire detaljar om snø, smelting, nedbør og temperatur, sjå: www.seNorge.no
Her fins blant anna kart med opplysningar om vær, vann og snø kvar einaste dag frå 1960 til og med i morgon.

3. Produksjon, forbruk og utveksling

Tabell 3 Norsk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2009		2010		Endring fra samme veke i fjor	
		8	7	8	Endring fra førre veke		
Produksjon	NO1		892	757	-135 (-15.2%)	-112	(-5%)
	NO2	2241	1439	1372	-67 (-4.6%)		
	NO3		286	282	-4 (-1.5%)	80	(10.1%)
	NO4	799	613	598	-15 (-2.5%)		
Norsk totalproduksjon		3040	3231	3009	-222 (-6.9%)	-31	(-1%)
Forbruk	NO1		1212	1211	-1 (-0.1%)	141	(6.5%)
	NO2	2176	1134	1106	-28 (-2.5%)		
	NO3		500	507	8 (1.5%)	104	(12.6%)
	NO4	826	421	422	2 (0.4%)		
Norsk totalforbruk		3002	3267	3247	-20 (-0.6%)	245	(8.2%)
Import	NO1		320	455	135	253	
	NO2	-64	-305	-266	39		
	NO3		214	226	12	24	
	NO4	27	-192	-175	17		
Norsk Nettoimport		-38	36	239	203	277	

*Ikkje temperaturkorrigerde tal.

Frå og med veke 8 i 2010 var det ny områdeinndeling i Noreg. NO1 og NO2 (gamle NO1) er Sørøst- og Sørvest-Noreg, NO3 (gamle NO2) er Midt-Noreg og NO4 (gamle NO3) er Nord-Noreg.

Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2009		2010		Endring fra samme veke i fjor	
		8	7	8	Endring fra førre veke		
Produksjon	Norge	3040	3231	3009	-222 (-6.9%)	-31	(-1%)
	Sverige	3419	3203	2970	-233 (-7.3%)	-449	(-13.1%)
	Finland	1731	1849	1816	-33 (-1.8%)	85	(4.9%)
	Danmark	874	949	939	-10 (-1.1%)	65	(7.4%)
	Jylland	565	594	538	-56 (-9.4%)	-27	(-4.8%)
	Sjælland	310	355	401	46 (13%)	91	(29.4%)
Nordisk totalproduksjon		9064	9232	8734	-498 (-5.4%)	-330	(-3.6%)
Forbruk	Norge	3002	3267	3247	-20 (-0.6%)	245	(8.2%)
	Sverige	3468	3593	3462	-131 (-3.6%)	-6	(-0.2%)
	Finland	1890	2102	1988	-114 (-5.4%)	98	(5.2%)
	Danmark	756	762	753	-9 (-1.2%)	-3	(-0.4%)
	Jylland	438	448	443	-5 (-1.1%)	5	(1.1%)
	Sjælland	318	314	310	-4 (-1.3%)	-8	(-2.5%)
Nordisk totalforbruk		9116	9724	9450	-274 (-2.8%)	334	(3.7%)
Import	Norge	-38	36	238	202	276	
	Sverige	49	390	492	102	443	
	Finland	159	253	172	-81	13	
	Danmark	-118	-187	-186	1	-68	
Nordisk nettoimport		52	492	716	224	664	

*Ikkje temperaturkorrigerde tal.


Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk

Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: Nord Pool Spot


Norden (TWh)	Til no i år	Same periode i fjor	Endring	
Produksjon	73.4	71.1	2.3	(3.2%)
Forbruk	77.5	70.9	6.6	(9.3%)
Nettoimport	4.2	-0.1	4.3	

Norge (TWh)	Til no i år	Same periode i fjor	Endring	
Produksjon	26.0	24.9	1.0	(4.1%)
Forbruk	26.6	24.3	2.3	(9.4%)
Nettoimport	0.6	-0.6	1.3	

Figur 9 Produksjonsutvikling i dei nordiske landa, 2009 og 2010, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 10 Forbruksutvikling i dei nordiske landa, 2009 og 2010, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Utteksling

Figur 11 Nettoutveksling pr. veke for Noreg og Norden, 2009 og 2010, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 12 Import og eksport mellom dei nordiske landa og frå/til tilgrensande område i veke 8 i 2010 (veke 7). Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot*




* Tala i figur 12 er ikkje avstemt mot tala i tabell 3 og 4, og det eksisterer avvik i forhold til netto handelstal i tabell 3 og 4. Kraftflyten mellom Sverige og dei norske elspotområda NO2 og NO3, og utveksling internt i Noreg er basert på planlagt elspotflyt. Tala vil avvike frå faktisk utveksling ved endringar i driftsforholda.


Tabell 6 Forbruk, temperaturkorrigert. Kjelde: Nord Pool Spot og Svensk energi

		GWh	GWh	TWh	TWh	GWh	TWh	
		Veke 7	Veke 6	Veke 1 - 7 2010	Veke 1 - 7 2009	Endring uke	Endring hittil i år	
Noreg	Alminneleg forsyning temperaturkorrigert	2371	2501	17.5	16.2	-130	1.3	(8%)
	Kraftintensiv industri	550	546	3.8	4.1	4	-0.3	(-7%)
	Elektrokjelar	102	114	0.8	0.8	-12	0	(0%)
	Totalforbruk temperaturkorrigert	3058	3195	22.4	21.4	-137	1.0	(5%)
Sverige	Totalforbruk temperaturkorrigert	3291	3342	23.7	23.3	-51	0.4	(2%)


Figur 13 Temperaturkorrigert totalforbruk i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 14 Temperaturkorrigert forbruk i alminneleg forsyning i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 15 Forbruk i kraftintensiv industri i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 16 Forbruk i elektrokjellar i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 17 Totalt kraftforbruk i Sverige, temperaturkorrigerede tall. GWh. Kjelde: Svensk Energi




4. Kraftprisar Engrosmarknaden


Tabell 7 Kraftprisar nordiske elspotområder. Vekesnitt. Kjelde: Nord Pool og EEX

kr/MWh	Veke 8 2010	Veke 7 2010	Veke 8 2009	Endring veke	Endring fra i fjor
NO1	920.7	632.0	320.7	288.7 (46%)	600.0 (187%)
NO2	514.6	468.0	320.7	46.5 (10%)	193.9 (60%)
NO3	1403.8	667.0	334.8	736.8 (110%)	1069.0 (319%)
NO4	1337.4	666.7	334.8	670.7 (101%)	1002.6 (300%)
Sverige	1337.4	666.7	334.3	670.7 (101%)	1003.1 (300%)
Finland	1328.2	666.7	334.0	661.5 (99%)	994.3 (298%)
Jylland	315.2	359.7	343.1	-44.5 (-12%)	-27.9 (-8%)
Sjælland	1337.4	655.8	361.9	681.6 (104%)	975.5 (270%)
System	714.0	561.5	326.3	152.5 (27%)	387.7 (119%)
Tyskland	270.7	350.1	427.2	-79.4 (-23%)	-156.4 (-37%)

Figur 18 Vekegjennomsnitt for døgmarknadspris (elspotprisen) for prisområde NO1 og European Electricity Exchange (EEX), 2008, 2009 og 2010, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX



Figur 19 Spotprisar i Norden og Tyskland, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX




Terminmarknaden


Tabell 8 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt kvotar. Kjelder: Nord Pool og EEX. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

			Veke 8	Veke 7	Endring	
Elektrisitet kr/MWh	NordPool	2. kvartal 2010	447.3	434.2	13.1	(3%)
		3. kvartal 2010	374.1	382.3	-8.2	(-2%)
	EEX	2. kvartal 2010	294.7	296.8	-2.1	(-1%)
		3. kvartal 2010	317.9	320.2	-2.3	(-1%)
CO2 kr/tonn	NordPool	2010	104.6	101.0	3.6	(4%)
		2011	108.2	104.6	3.6	(3%)


Figur 20 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX



Figur 21 Daglege sluttprisar for utslippkvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 22 Valutakurs, norske kroner mot Euro. Kjelde: Nord Pool Spot




Sluttbrukarprisane


Tabell 9 Sluttbrukarprisar. Kjelde: Konkurransetilsynet

Øre/kWh		Veke 10*	Veke 9*	Endring Veke 10 - 9
Standard variabel	Volumvege snitt	80.9	64.5	16.4
	15 billegaste landsdekkjande	73.3	60.3	13.0
		Veke 8	Veke 7	Endring Veke 8 - 7
Marknadspris	NO1	117.0	93.3	23.7
	NO2	66.2	61.2	5.1
	NO3	177.3	146.4	31.0
	NO4	169.1	146.4	22.7
		Veke 8	Veke 7	Endring Veke 8 - 7
Fastpris	1 år (snitt Noreg)	61.1	52.8	8.3
	3 år (snitt Noreg)	56.4	50.9	5.6
	1 år (snitt Sverige)	62.8	60.6	2.2


Figur 23 Aritmetisk snitt for 15 landsdekkjande leverandørar av standard variabel kontrakt samanlikna med snittet for utvalet av dominerande leverandørar av same type kontrakt og spotpriskontraktar for dei fire prisområda med påslag på 1,9 øre/kWh. Prisar inkl. mva, øre/kWh. Kjelde: Konkurransetilsynet og NVE



Figur 24 Utviklinga i standard variabel kraftpris siste 52 vekene for dominerande leverandør (volumvege snitt), gjennomsnittet av landsdekkjande leverandørar og ein tenkt spotpriskontrakt med påslag på 1,9 øre/kWh. Alle prisar inkludert mva. Prisar for standard variabel kontrakt meldas to veker fram i tid. Kjelde: Konkurransetilsynet og NVE



Figur 25 Utviklinga i 1-årige norske og svenske fastpriskontraktar med årleg forbruk på 20 000 kWh for dei siste 52 vekene. Dei svenske prisane er oppgjeve inklusive kostnader til elsertifikat. Alle prisar inkl. mva. Aritmetisk gjennomsnitt for 36 svenske og 15 norske leverandørar, norske øre/kWh. Kjelde: Montel og Konkurransetilsynet



5. Tilstanden til kraftsystemet¹

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til Nord Pool Spot sine heimesider.

- På grunn av arbeidet med Oslofjordkablane har det i lengre tid vore redusert kapasitet mellom Sør-Noreg (NO1) og Sverige. Den 16. oktober 2009 var Oslofjord-forbindelsane tilbake i ordinær drift. Kapasiteten i retning Sverige vil likevel i periodar kunne bli redusert til ned mot 600 MW grunna redusert kapasitet på kabelen Rød-Hasle. Dette vil avhenge av utvekslinga mellom Sør-Noreg og Danmark/Nederland samt fordelinga av produksjon og forbruk på norsk side. I følgje Statnett vil dette halde fram til kablane over Oslofjorden er oppgraderte.
- Statnett melder at kapasiteten frå NO1 til Sverige (2050 MW) i periodar kan bli redusert til null som følgje av forventningar om høg last frå og med 1. januar. Det er uvisst kor lenge dette vil vedvara.
- Statnett har meldt at Vestlandet vil bli skilt ut som eit eiga marknadsområde frå 15. mars. Dei vestlege delane av NO1 og NO2 vil bli skilt ut som NO5. Dette vert gjort for å sikre best mogleg utnytting av overføringskapasiteten inn til området og dermed spare spara på vatnet i området. Statnett karakteriserar kraftsituasjonen i det nye marknadsområdet NO5 samt Midt-Noreg (NO3) som stram.
- Overføringskabelen NorNed (700 MW) mellom Noreg og Nederland, NorNed (700 MW), gjekk ut av drift grunna ein feil 29. januar. Feilen er lokalisert 70 km utanfor den nederlandske kystlina, men det er førebels uvisst kor lenge kabelen vil vere ute av drift. Det vil kunne vare i fleire veker.
- Frå 23. til 24. februar var overføringskapasiteten frå Tyskland til Sverige (600 MW) redusert til 420 MW grunna forhold i det tysk nettet.
- Frå og med måndag 1. mars til 9. april vil kapasiteten frå Jylland til Tyskland vere redusert frå 1500 MW til 1100 MW grunna arbeid kraftliner internt i Danmark.
- Den finske systemoperatøren melder om redusert kapasitet frå Finland til Sverige (1650 MW) til 1400 MW frå 1. til 5. mars grunna arbeid på Rauma substasjon.
- Det var igjen normal overføringskapasitet frå Russland til Finland (1300 MW) måndag 22. februar. Kapasiteten var redusert 1092 MW grunna forhold på russisk side sia 15. februar.
- Det svenske vasskraftverket Luleälven (586 MW) hadde redusert produksjonskapasitet til 260 MW frå 22. til 25. februar som følgje av utfall av kraftline mellom Messaure og Svertbyn.
- Produksjonskapasiteten ved det svenske kjernekraftverket Forsmark 2 (990 MW) har vore redusert ned mot 200 MW frå 21. januar frem til tysdag sist veke. Sia da har kapasiteten variert mellom 370 MW. Dette vil helde fram til 25. mars. Da vil produksjonen stige til 700 MW.
- Det svenske kjernekraftverket Oskarshamn 3 (1400 MW) er no i ein testperiode etter effektoppgradering. 12. februar ble verket stoppet for å undersøke en feil i turbinsystemet. Det har vore mange meldingar om forsinka oppstart. Den siste meldinga var måndag inneverande veke. I følgje denne meldinga er feilen funne og forventa oppstart er 22. mars, men det er framleis uvisse kring oppstartidspunktet.

¹ Kjelde: <http://www.nordpool.no> ("Urgent Market Messages (UMM)").

- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 1 (855 MW) har vore ute grunna vedlikehaldsarbeid sidan 15. mars i fjor. Oppstarten er forsinka til 16. mars.
- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 2 (866 MW) var tilbake i drift søndag 28. februar. Verket har vore ute sia det gjekk ut til revisjon 24. mai i fjor. Oppstarten har vore forsinka fleire gonger. I dei ti første dagane etter oppstart vil produksjonskapasiteten i snitt vere 640 MW.